

Jondal kommune
Landbruksavdelinga
5627 Jondal

10.12.03

Det kongelige Landbruksdepartement
Postboks 8007 Dep.
0030 OSLO

**HØYRING- UTKAST TIL FORSKRIFT OM SPESIELLE MILJØTILTAK I
LANDBRUKET OG NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET.
SAKSNR. 200302997.**

Først vil vi beklaga at forskriftene for desse tilskotsordningane vert endra. Ansvarsdelinga mellom kommunane og Fylkesmannen har fungert på beste måte, med lik tolkning av reglane og god fordeling av middlane til dei ulike tiltak innan fylket.

Me vil peika på nokre punkt i dei nye forskriftene som bør endrast.

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket:

§ 3 Vilkår (Slutten av paragrafen) **Gjennomføringsfristen bør maksimalt kunna forlengast til 4 år.** Søknad på søknad om utsetjing sløvar folk, og det er mindre sjanse å få gjennomført tiltaka det er løyvd midddlar til.

§ 5 må skrivast om for dette er for dårleg, for lite konkret. Er det meininga at desse pengane skal nyttast til å utbetra gjødselkjellarar, og hindra avrenning av silosaft? Tiltak som ivaretek miljøverdiane i landskapet må skrivast meir utfyllande og presist.

§ 11 Utfyllende bestemmelser. Her bør det endrast til skal i staden for kan.
”Statens landbruksforvaltning skal gi utfyllende bestemmelser til denne forskrift.”

Med helsing
Jondal kommune

Svein T. Guntveit (sign.)
jordbrukssjef